



Ein fornøgd Vegard tar mot applausen saman med stjernepianisten Ingrid Andnes. (Foto: Thor Inge Døssland)

**Vegard Døssland imponerte dei som søndag ettermiddag var tilstades under konserten i kyrkja på Fjelberg. Arve Fosse som sto ansvarleg for konserten er full av ros i eit intervju med Kvinnheringen. Ingrid Andnes heldt ein vakker flygelkonsert med mellom anna Griegmusikk og franske klangar frå Chopin og Debussy. Deretter spelte ho Evert Taube og latinamerikansk musikk saman med 21-åringen frå Uskedalen på trompet og Fosse har denne kommentaren:**

**- At Ingrid Andnes var god visste eg, men kor god Vegard var, var eg ikkje klar over. Han var rett og slett ei gledeleg overrasking i begge avdelingane sine.**

**I den andre avdelinga vart Vegard akkompagnert av Edvard Zahl Pettersen på piano. Då spela Vegard flûgelhorn.**



Vegard vart akkompagnert av pianisten Edvard Zahl Pettersen i den eine avdelinga.(Foto: Thor Inge Døssland)  
**Nett: Ola Matti Mathisen.**